

Eikefet 07.12.2020

**Alver kommune**

Postboks 4,  
5906 Frekhaug

**Søknad om dispensasjon frå dele- og byggegrensa langs vassdrag ved frådelling Gnr 220 Bnr 2, parsell 2 – saksnr 20/15165-20/73140 Store Urdal**

DC Eikefet Aggregates As søkte 01.09.20 om frådelling av parsell 2 frå Gnr 220 Bnr 2 i Alver. Parsellen skal delast frå som tilleggsareal til Gnr 220 Bnr 9, heimelshavar Ingvild Kari Våg. Arealet er sett av til naturføreemål (LNA) og omfattar beiteland og tilkomstveg til eigedomen til Våg. Urdalselva renn i vestre del av parsellen.

I føresegn 2.6.1 i kommunedelplan for Lindås 2019-2031 går det fram at dele- og byggegrensa mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring er 20 meter der nedslagsfeltet er mindre enn 20 km<sup>2</sup>. Vi søker om dispensasjon frå byggegrensa og arealføreemålet naturføreemål i denne frådellingssaka.

Ei deling av teigen vil ikkje få uheldige verknader i forhold til byggegrensa. Ingvild Våg har i e-post 30.09. stadfesta at arealet vil bli brukt til beiteland for husdyr og vedproduksjon til eige bruk. Parsellen vil bli brukt landbruksføreemål og det er ikkje planar om nye byggetiltak på eigedomen.

Når det gjeld flaum- og erosjonsfare, viser vi til Flomsonekartlegging for Eikefet og Urdal, rapport fra Multiconsult 03.05.18. Det er utarbeidd flaumsonekart for 20 og 200 års-intervall, samt 200 år inkludert klimapåslag. Simuleringa viser at det vil vere små flaumutsette areal utanom det originale elveleiet. Ingen hus er utsett, og det er lavt potensial for føljeskader grunna erosjon.

Med venleg helsing



Daglig leder DC Eikefet Aggregates As

Tlf: 911 13 101

E-post: [jan-oyvind.jorgensen@dcresources.no](mailto:jan-oyvind.jorgensen@dcresources.no)

[www.dcresources-norway.eu](http://www.dcresources-norway.eu)

